

## Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 05.09.2016

Referatsakene vart refererte.

Kristin Iversen frå regionalavdelinga orientere om undersøking gjennomført blant tilsette som arbeidar deltid i Hordaland fylkeskommune.

**Roald Kvamme (A)** sette på vegner av Ap fram følgjande oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Administrasjonsutvalet ber om å få oversikt over kva stillingskategoriar som ønsker full stilling.»

**Tore Johannessen (LO-K)** sette på vegner av LO-K fram følgjande oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Deltidstilsette må få rettleiing om pensjonskonsekvensen av å jobbe deltid.»

### Vedtak

Administrasjonsutvalet tar referatsakene til orientering.

Kvamme sitt forslag i RS 13/16 vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Johannessen sitt forslag i RS 13/16 vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.